



Morten Nilsen – optimist framfor den nye oppgåva si. (Foto: Ola Matti Mathisen)

18. Juni blir det nytt liv i Vertshuset hvis formalitetane går i orden,

Morten Nilsen (25) som nærmast er på heimebane, opnar dørene att godt assistert av søster Marianne (23).



Morten framfor familiehuset på Sanden – der butikkverksemda starta. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Han har inngått leigeavtale med eigar Røssland for sesongen, ut august, og ser med optimisme fram til oppgåva sjølv om han er klår over at den inneber hard jobbing. Men heimebane?

-Jau, eg kjenner meg svært mykje heime her, seier Morten, som tar i mot i feriehuset som er eigd av familien og som er eitt av dei mest tradisjonsrike på Sanden: Gamlahuset der butikken vart starta og som ligg eit lite steinkast frå Vertshuset.

Morten er ei grein av "Nilsen-treet", bestefaren var Harald og far er Rune. Han bur i Stavanger og der vaks Morten opp i ein syskenflokk på 5, nærare bestemt på Vaulen. Difor reknar han seg som siddis, men i barndommen var han i Uskedalen titt og ofte – nesten kvar sommar og i påske- og vinterferien.

Rune var toppspelar på SIF og sonen spela for Vaulen og SIF fram til han var 20, då utdanninga overtok. Han tok ein bachelor-grad i økonomi/administrasjon ved Handelshøgskolen BI i Oslo. Morten var innom familieverksemda Stavanger Elektro og har sist vore salskonsulent i firmaet Lunex i Oslo, som sel solskjermingsprodukt.

-Men korleis kom Vertshuset inn i biletet?

-I familien har det ofte vore sagt at det burde gjerast noko for Vertshuset. Det vart gjenteke då eg enda heretter å ha gått over Hardangervidda i påska i år. Etter kvart kom eg til at det skulle ha vore gøy å ta eit tak. Og ettersom eg i alle høve skulle vera mykje i Uskedalen denne sommaren bestemte eg meg for å slå to fluger i same smekk.

For halvannen månad sidan ringte eg difor Røssland og avtala gjekk i boks. Lat meg presisera at det er berre meg og Marianne frå familien som står for dette prosjektet. Ho har i motsetnad til meg vore i bransjen – mellom anna som vertinne ved utestader i London der ho studerar.

-Kven elles har du med på laget?

-Framfor alt ein toppkokk frå Stavanger som heiter Anders Stokkabø og som er på min alder. Han har laga ein enkel, men spennande meny. Så har eg engasjert to søskenbarn – frå Stavanger og Uskedalen. Men eg treng ein til fast og fleire deltidstilsette. Berre ring 45002059!

-Og det neste blir at du kjøpar Vertshuset?

-Nei, det har eg ikkje tenkt på!

Apropos fotball: Morten er som ein skjønar skikkeleg hekta på fotball og vil satsa på storskjerm som eit trekkplaster under VM.

Finalen går 11.juli, og dagen etter fyller verten 26. Det blir store dagar på Vertshuset.

Av Ola Matti Mathisen